

## PROTOKOLL ÅRSMØTE 2013

**Tid:** Måndag 3. mars 2014 kl. 19:00  
**Stad:** Elevkantina ved Dale barne- og ungdomsskule

I timen før årsmøtet starta, heldt historikar og tidlegare stortingsmann John Dale eit foredrag, som var ope for alle. Foredraget hadde tittelen "Grunnlovsjubileet 1814-2014". Han tok spesielt føre seg den politiske situasjonen i landet og verda omkring, som førte til at møtet på Eidsvold i 1814 vart skipa i stand. Det vart eit svært interessant foredrag for møtelyden.

Årsmøtet starta kl. 20:00 med om lag 20 personar i møtelyden.

### SAKER:

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.
- Sak 2 Val av møteleiar, møtebokskrivar og underskrivarar til møteboka**  
a) Møteleiar: Åse Eikemo Strømme  
b) Møtebokskrivar: Ove Magne Straume  
c) To til å skriva under møteboka: Ingebjørg Dale og Nils Grøsvik.
- Sak 3 Årsmelding 2013**  
Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.
- Sak 4 Rekneskap 2013**  
I meldingsåret hadde laget eit overskot på om lag 7 000 kr. Sum eidedelar i laget pr. 31.12.12 var på kr. 118 513,-.  
Rekneskapan for 2013 vart samrøystes godkjent.
- Sak 5 Kontingenten**  
Kontingenten har i 2013 vore kr. 250,-. Denne summen inkluderte tilsendt årbok (kr. 150,- i kontingent og kr. 100,- for årbok).  
Årsmøtet gjorde vedtak på at kontingenten skulle vera kr. 150 også for 2014.  
Det vart vidare bestemt at styret fekk fullmakt til å fastsetja pris på den nye årboka når ein har fått betre grunnlag for dette.
- Sak 6. Val**  
b) Val av 2 styremedlemar: Sigmund Simmenes (2 år)  
Oddvar Eikefet (2 år)  
c) Val av 2 varamedlemar: Berit Vetlejord (1 år)  
John Dale (1 år)  
d) Val av 2 revisorar: Nils Grøsvik (1 år)  
Odd Helland (1 år)

